



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Britt Solheim, 55 57 23 34

Vår dato
13.05.2014
Dykkar dato
18.03.2014

Vår referanse
2014/4068 461.1
Dykkar referanse
14/160

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Oversending av klage på utsleppsløyve - Radøy kommune gnr. 23, bnr. 7

Vi viser til dykkar oversending til Fylkesmannen datert 18. mars 2014.

Saka gjeld klage på utsleppsløyve for våningshus nytta som fritidsbustad på gnr. 23, bnr. 7 i Radøy kommune. Klagen vart sendt til Fylkesmannen for endeleg avgjerd.

Rundskriv T-5/98 ”Kommunens myndighet og plikter etter forurensningsloven” frå Miljøverndepartementet, viser til paragrafene kommunen har mynde etter, blant anna på avløpssektoren.

Kommunen vert mynde etter forureiningslovgjevinga utøvd av kommunestyret, jf. kommuneloven § 6. Dersom mynde skal utøvast av andre organ enn kommunestyret, må mynde delegerast frå kommunestyret til vedkommande organ.

Der kommunestyret si mynde er delegert til andre kommunale organ, skal klage på enkeltvedtak som er fatta, mellom anna vedtak i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12, handsamast av kommunestyret.

Saka vert sendt attende til Radøy kommune som rette instans for vidare handsaming.

Med helsing

Sissel Storebø e.f.
senioringeniør

Britt Solheim
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Advokatfirmaet Torkildsen & CO Bergen AS Bryggen 15 5003 BERGEN